



## Referat til møte 3 i ungdomsstyret i Ryfylke

**Tid:** Fredag 21. mars 2025 kl. 16:00-18:30

**Stad:** Fiskepiren konsertscene

**Desse møtte:** Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune  
Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune  
Arin Eiriksønn, rep. Suldal  
Joel Nag, rep. Strand kommune  
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune  
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune  
Nora Østerbø, vara Suldal  
Gabriel Havrevold, vara Strand  
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune

**Forfall:** Martine Hocking, vara Sauda kommune  
Eivind Hustveit, rep. Sauda  
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda  
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland  
Johan Kilane, vara Suldal kommune  
Malene Hatteland, vara Strand kommune  
Anne Bratthammer, rep. Strand  
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune  
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

**RYFYLKE**

Ein attraktiv region der  
folk vil bu og arbeide



## Saksliste

<b>Sak 07/25</b>	<b>Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 13.02.25</b>	<b>2</b>
<b>Sak 08/25</b>	<b>Marknadsføring Ryrekrutt</b>	<b>2</b>
<b>Sak 09/25</b>	<b>Status Heilt Heim</b>	<b>2</b>
<b>Sak 10/25</b>	<b>Arbeidsfordeling Ryrekrutt</b>	<b>2</b>

### **Sak 07/25 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 13.02.25**

Det vart oppdaga feil i møteprotokoll frå 13.02.25. Det blir korrigert og sendt ut ny møteprotokoll.

### **Sak 08/25 Marknadsføring Ryrekrutt**

Administrasjonen presenterte kva som er gjort for å marknadsføre Ryrekrutt. Det er behov for at styret tar del i marknadsføringa av arrangementet og det vart fordelt oppgåver til ulike styremedlem.

Det vart i tillegg laga innhald til sosiale media under møtet.

### **Sak 09/25 Status Heilt Heim**

Administrasjonen la fram status i arbeidet med å etablere Heilt Heim. Representantar i Kakadu har intervjua tre representantar frå ungdomsstyret og har eit utgangspunkt til ein prototype. Kakadu vil presentere arbeidet med Heilt Heim under RyRekrutt.

### **Sak 10/25 Arbeidsfordeling Ryrekrutt**

Under møtet gjekk administrasjonen gjennom køyreplanen for Ryrekrutt og snakka gjennom alle detaljar som involverer ungdomsstyret. Det kom inn mange innspel til korleis ungdomsstyret sin stand skal utformast og til aktivitetar på stand. Det vart fordelt arbeidsoppgåver mellom styremedlem og vara. Dette vart delt i eit internt dokument.

## Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådriver for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.